

RAMMEPLAN FOR KULTURSKOLEN

Kulturskole for alle



KULTURSKOLERÅDET

RAMMEPLAN FOR KULTURSKOLEN

Kulturskole for alle



KULTURSKOLERÅDET



INNLEIING	7
1 SAMFUNNSOPPDAGET TIL KULTURSKOLEN.....	9
1.1 Korleis kulturskolen er forankra i lover og konvensjonar.....	9
1.1.1 Opplæringslova.....	9
1.1.2 FN-konvensjonar om menneskerettar og UNESCO-konvensjonar.....	9
1.1.3 Rettar for urfolk og nasjonale minoritetar	11
1.1.4 Berekraftsmåla til FN	11
1.2 Føremålet med kulturskolen	12
2 KORLEIS KULTURSKOLEN FORSTÅR OPPDRAGET	14
2.1 Verdigrunnlaget til kulturskolen	14
2.2 Måla til kulturskolen	15
3 PRAKSISEN TIL KULTURSKOLEN.....	17
3.1 Kulturskole for alle	17
3.1.1 Berekraft	17
3.1.2 Medverknad	18
3.1.3 Kulturskolen som inkluderande kraft	18
3.1.4 Kulturskolen i førebyggjande og helsefremjande arbeid	18
3.2 Organisering av tilboda i kulturskolen	19
3.2.1 Kjerneprogrammet	19
3.2.2 Fordjupingsprogrammet	20
3.2.3 Breiddetilbod	20
3.3 Faga i kulturskolen	21
3.4 Kulturskolen i ein digital tidsalder	21
3.5 Læringsstøttande arbeid i kulturskolen.....	22
3.6 Kulturskolelæraren og den profesjonelle læringsfellesskapen	23
3.7 Kulturskolen som samarbeidande aktør	24
3.7.1 Kulturskolen og grunnopplæringa	25
3.7.2 Kulturskolen, kulturlivet og det frivillige	25
4 KVALITET, ROLLER OG ANSVAR I KULTURSKOLEN	28
4.1 Kvalitet i kulturskolen.....	28
4.1.1 Strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet	28
4.1.2 Kompetansen til dei tilsette.....	30
4.2 Ansvaret til kommunen	30
4.3 Ansvaret til kulturskolen	31
4.4 Ansvaret til universitet og høgskolar	31
4.5 Utvikling, forsking og innovasjon i kulturskolen	32



INNLEIING

Å vere ein kulturskole for alle

Kulturskolen tilbyr aktivitetar og opplæring av høg kvalitet innanfor kunst- og kulturfag og har eit mangesidig kunst- og kulturoppdrag.

Gjennom opplæring og deltaking i og formidling og oppleving av kunst og kultur, utviklar menneske fantasien og sansane. Når vi deltek i kulturelle fellesskapar, byggjer vi tryggleik og forståing av kva det vil seie å vere menneske – åleine og saman med andre. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning.

Visjonen til kulturskolen er kulturskole for alle.

Kulturskolen gir kunst- og kulturfagleg opplæring som gjer at barn og unge får ta del i kunst- og kulturlivet. Dette er noko dei både treng og har rett til. Kulturskolen er tydeleg til stades i det lokale kunst- og kulturlivet. Han tilbyr barn og unge meiningsfulle aktivitetar og støtte og retning på vegen mot det profesjonelle kunst- og kulturfeltet. Ein kulturskole for alle inneber at alle opplever tilboda ved kulturskolen som relevante og inkluderande, uavhengig av kva bakgrunn og føresetnader dei har.

Kulturskolen har eit spesielt ansvar for barn og unge, men har meir å tilby: til vaksne og eldre, og til heile lokalsamfunnet. I lokalsamfunnet skal alle få møte kunsten og kulturen – i tett samanheng med skolen og kulturlivet. Som aktiv forvaltar av kunst- og kulturarv har kulturskolen eit tilbod som alle som bur i kommunen, er i kontakt med gjennom heile livet.

Kulturskolen er kjenneteikna av høg kompetanse innanfor kunst og kultur. Kulturskolen er synleg i lokalsamfunnet og når ut til innbyggjarane på mange ulike vis. Han gir kunst- og kulturoplæring til barn og unge, han gir og formidlar opplevingar av kunst og kultur, og han styrkjer den kunstnariske dimensjonen i livet til innbyggjarane.

Kulturskolen utfører oppdraget sitt i tett samarbeid med dei andre ressursane i kommunen. Kulturskolen bidreg til å styrke den kulturelle kompetansen og utfaldinga i lokalsamfunnet gjennom forpliktande samarbeid med skole-, kultur-, helse- og velferdssektoren. Dette samarbeidet rettar seg mot alle innbyggjarar i kommunen, og kulturskolen utgjer ei bru mellom skole og fritid.

Kulturskolen er kjenneteikna av eit breitt kulturelt mangfald og tek vare på og omsyn til både kulturyr, urfolksperspektiv og samtidskultur. Medvit om lokale tradisjonar – kombinert med nye røyster og uttrykk – byggjer sterkare lokal-samfunn og fornyar kunst- og kulturlivet på same tid. Kulturskolen ivaretak eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk. Han har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne så vel som kreativitet, kritisk sans og kulturell og sosial kompetanse.

Kulturskolen er open mot samfunnet og mot nye målgrupper, og han innbyr til reell medverknad og samhandling. Særleg barn og unge blir lytta til og involverte i arbeidet til kulturskolen på alle nivå – slik er kulturskolen ein *kulturskole for alle*.

Kapittel 1 beskriv samfunnsoppdraget til kulturskolen slik det er gitt gjennom lovverket og uttrykt i konvensjonar og stortingsmeldingar. **Kapittel 2** beskriv korleis kulturskolen forstår oppdraget med bakgrunn i kapittel 1, og tek føre seg verdigrunnlaget og målsetjingane til kulturskolen. **Kapittel 3** beskriv praksisen i og organiseringa av kulturskolen, medan **kapittel 4** beskriv kvalitetsarbeid, roller og ansvar i kulturskolen, knytt til praksisen i kulturskolen slik han er beskriven i kapittel 3.



1 SAMFUNNSOPPDRAGET TIL KULTURSKOLEN

1.1 Korleis kulturskolen er forankra i lover og konvensjonar

Kulturskolen er forankra i opplæringslova og bidreg til å oppfylle dei forpliktingane Noreg har etter FN-konvensjonar om menneskerettar og UNESCO-konvensjonar. Samfunnsoppdraget og føremålet med kulturskolen blir òg forstått gjennom aktuelle stortingsmeldingar og andre til kvar tid gjeldande plan- og styringsdokument.

1.1.1 Opplæringslova

Samfunnsoppdraget til og føremålet med kulturskolen er forankra i kapittel 26¹, i opplæringslova, som slår fast at alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod:

§ 26-1 Kulturskole: Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet.

§ 26-2 Formålet med kulturskolen: Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

1.1.2 FN-konvensjonar om menneskerettar og UNESCO-konvensjonar

Føremåla og målsetjingane til kulturskolen bidreg til å ivareta forpliktingar Noreg har gjennom internasjonale konvensjonar.

¹ Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) – (Lovdata, 2024)

FN sin barnekonvensjon artikkel 30 og 31²

Artikkel 31 i barnekonvensjonen slår fast at barn har «rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder, og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet». Det heiter vidare at «partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter.»

Artikkel 30 i barnekonvensjonen slår fast at barn og unge fra etniske, religiøse eller språklege minoritetar, eller barn og unge som tilhører ei urbefolking, skal få «leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, [og] bruke sitt eget språk».

Dette blir også understreka i FN-konvensjonen om politiske og sivile rettar, artikkel 27.

FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)³

FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne, artikkel 30.2, understrekar at det skal setjast i verk «hensiktsmessige tiltak for å gi mennesker med nedsatt funksjonsevne mulighet til å utvikle og utnytte sitt kreative, kunstneriske og intellektuelle potensial, ikke bare av hensyn til seg selv, men også til berikelse for samfunnet».

UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven⁴

Respekt for og anerkjenning av utøvaren og tradisjonsberaren er eit sentralt prinsipp i konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen definerer immateriell kulturarv som munnlege tradisjonar og uttrykk – medrekna språk som eit uttrykksmiddel for immateriell kultur – utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og universet, og tradisjonelt handverk.

UNESCO-konvensjonen om vern og fremjing av eit mangfold av kulturuttrykk⁵

Konvensjonen forpliktar staten til å legge til rette for eit mangfold av kulturuttrykk der demokrati, toleranse, sosial rettferd og gjensidig respekt er sentralt.

2 Barnekonvensjonen artikkel 30 og 31 (FN, 1990)

3 FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) (FN, 2008)

4 UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (2003)

5 UNESCO-konvensjonen om vern og fremjing av eit mangfold av kulturuttrykk (2005)

1.1.3 Rettar for urfolk og nasjonale minoritetar

Noreg har sluttar seg til ILO-konvensjon 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.⁶ Noreg har eit spesielt ansvar for å leggje til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt, jf. § 108 i Grunnlova.⁷

Kulturskolen bidreg til det arbeidet kommunen gjer for å leggje til rette for eit samisk språk- og kulturtilbod. Kulturskolane tek eit særleg ansvar for å utvikle aktivitets- og opplæringstilbodet innanfor det samiske området og særleg for innbyggjarane i samiske språkforvaltingskommunar, jf. lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova).⁸

Nasjonale minoritetar har eit særleg vern i og med at Noreg har ratifisert den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk⁹ og Europaratdet sin rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar¹⁰. Nasjonale minoritetar har ei hundreårig tilknyting til landet og har bidrige til å forme den felles kulturarven vår.

Ein føresetnad for at samar og nasjonale minoritetar skal ha ein levande kultur, er at kunst- og kulturuttrykk blir vidareførte til nye generasjonar. Kommunane bruker kulturskolen aktivt i dette arbeidet.

1.1.4 Berekraftsmåla til FN

Dei 17 berekraftsmåla til FN er den felles arbeidsplanen verda har for å bidra til eit betre liv for alle menneske. I Noreg er berekraftsmåla forankra i plan- og bygningslova. For at vi skal nå berekraftsmåla, krevst det innsats på alle nivå og på tvers av aktørar, både nasjonalt og lokalt. Kulturskolen deltek i arbeidet med å nå berekraftsmåla.

6 ILO-konvensjon 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (1990)

7 Kongeriket Noregs grunnlov

8 Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova)

9 Den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk

10 Europaratdet sin rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar

1.2 Føremålet med kulturskolen

Føremålet med kulturskolen er heimla i opplæringslova § 26-2:


§ 26-2 Formålet med kulturskolen: Kulturskolen skal legge til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Med bakgrunn i føremålet arbeider kulturskolen gjennomgåande med at elevar og andre som deltek i aktivitetane på kulturskolen, skal lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Aktivitetane på kulturskolen går føre seg i trygge og gode skolemiljø.

Kulturskolen bidreg til danning, til å fremje respekt for eins eiga og andre si kulturelle tilhørsle, til bevisstgjering om eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon.

Kulturskolen gir tilbod om kunst- og kulturfagleg opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet, slik at alle som vil, kan utvikle kunstfagleg kompetanse ut frå dei føresetnadene, ønska og ambisjonane dei har.

Kunstnarisk utfalding stimulerer til skaparglede, engasjement og utforskarkrøng gjennom å opne dører for nye idear, løysingar og perspektiv. Deltaking i kulturelle aktivitetar bidreg til god psykisk helse og til meistringskjensle og tilhørsle.





2 KORLEIS KULTURSKOLEN FORSTÅR OPPDRAGET

2.1 Verdigrunnlaget til kulturskolen

Kulturskolen har eit humanistisk menneskesyn og tek vare på samfunnsverdiar som menneskeverd, ytringsfridom, demokrati og retten til å delta i ein fellesskap. Verdigrunnlaget i kulturskolen blir formidla, praktisert og opplevd i alle delar av arbeidet til kulturskolen.

Fellesskapen i Noreg rommar eit veksande mangfald av kulturelle uttrykk og samansette kulturelle identitetar. Ved å anerkjenne, synleggjere og ta i bruk ressursane i dette mangfaldet bidreg kulturskolen til å føre vidare og fornye kulturarv. Det å kjenne sin eigen kultur og vere trygg på sin eigen identitet skaper respekt og nysgjerrigkeit overfor andre.

Kunst- og kulturaktivitetar skaper arenaer for tilhøyrslse og sosial fellesskap og kan inspirere til deltaking i den usemjefellesskapen som er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

Gjennom medverknad, meiningsskaping, inkludering og ivaretaking av mangfald er kulturskolen ein kulturskole for alle.

2.2 Måla til kulturskolen

Måla til kulturskolen heng saman med visjonen, samfunnsoppdraget og føremålet med kulturskolen.


Kulturskolen har som mål at

- alle barn og unge skal ha tilgang til relevant og tilpassa kunst- og kulturfagleg opplæring av høg kvalitet i eit trygt og godt skolemiljø
- alle barn og unge som er kvalifiserte for det, får tilgang til kunstfagleg fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning innan kunst- og kulturfag
- alle elevar ved kulturskolen og andre som møter kulturskolen sine tilbod, får høve til å utfalde seg kunstnarisk
- alle elevar ved kulturskolen og andre som møter kulturskolen sine tilbod, får høve til å styrke den sosiale og kulturelle kompetansen sin og finne sin eiga røyst i fellesskapen i samfunnet
- alle elevar ved kulturskolen og andre som møter kulturskolen sine tilbod, får styrkt evna til kritisk refleksjon og til å ta sjølvstendige val
- alle innbyggjarane i kommunen opplever kulturskolen sine tilbod som godt synlege, relevante og inkluderande

Derfor er kulturskolen

- ei profesjonell kunst- og kulturfagleg verksemd med høg pedagogisk og kunstfagleg kompetanse
- ein aktiv tilretteleggjar for medskapande prosessar og medverknad på både institusjons- og elevnivå
- open og inviterande overfor nye målgrupper, med strukturar som kjem alle i møte
- ein ressurs for eit inkluderande lokalsamfunn gjennom opplæring og aktivitet innan kunst og kultur
- driven i nær tilknyting til, og i heilskapleg samanheng med, andre tenester i kommunen
- innovativ og innstilt på å endre seg i takt med samfunnet





3 PRAKSISEN TIL KULTURSKOLEN

3.1 Kulturskole for alle

Kulturskolen speglar av mangfaldet av kulturelle uttrykk og kulturelle identitetar i samfunnet, og han legg til rette for eit inkluderande kulturskoletilbod.

Barn og unge er primærmålgruppa for kulturskolen, men alle innbyggjarar har høve til å ta del i – og oppleve – tilbodet ved kulturskolen.

3.1.1 Berekraft

Kulturskolen skaper moglegheiter – der menneske møtest og oppdagar nye perspektiv, der meistring og skaparglede veks fram, og der tradisjonar og kultur-ark møter innovasjon og nye impulsar.

Dimensjonane av berekraft i kulturskolen forstår ein kanskje aller best gjennom det samiske omgrepet birgejupmi/bierggim/bierkenidh:

*«Birgejupmi knytter sammen personer og lokalsamfunn, landskap, miljø og økosystemer. Det er en helhetlig tenking for bevaring og utvikling av våre felles ressurser og verdier, som vi alle har individuelt og kollektivt ansvar for.»
(Sametingsadministrasjonens overordnede strategi, 2022)*

Kultur er berekraft, for kultur gir oss kraft til å bere våre eigne liv og det samfunnet vi er ein del av. Med verdigrunnlaget sitt og praksisen sin knyter kulturskolen personar og lokalsamfunn saman. Slik bidreg kulturskolen til berekraft både for kvar enkelt og for samfunnet.

3.1.2 Medverknad

Medverknad pregar heile praksisen i kulturskolen og bidreg til at han er relevant og inkluderande. Elevane i kulturskolen opplever at dei blir lytta til, og at dei kan påverke det som vedkjem dei. Elevar, føresette og aktuelle samarbeids-partnarar blir inviterte til å medverke i planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til kulturskolen. Barn, unge og føresette som ikkje deltek i tilbodet ved kulturskolen, blir òg lytta til, og meiningane deira om kva kulturskolen skal vere, blir høyrd.

Medverknad er organisert gjennom elevråd, utval for føresette, i det kommunale demokratiet og gjennom representasjon i andre aktuelle utval som har å gjere med verksemda til kulturskolen.

3.1.3 Kulturskolen som inkluderande kraft

Kulturskolen er ein bidragsytar innanfor arbeidet med inkludering og innanforskap. Kulturskolen bidreg med arenaer for tilhørsle, fellesskap og deltaking, med strukturar og innhald som ikkje ekskluderer, men inviterer til deltaking.

Ved å vere klar over potensialet til kulturskolen som inkluderande kraft i lokal-samfunnet kjem kulturskolen nærmare visjonen *kulturskole for alle*.

3.1.4 Kulturskolen i førebyggjande og helsefremjande arbeid

God helse kan handle om oppleveling av livskvalitet og meistring av eige liv. Deltaking i kulturelle aktivitetar, til dømes gjennom kulturskolen, gir meistringskjensle og tilhørsle og bidreg til god psykisk helse.¹¹

Kulturskolen deltek i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet til kommunen og bidreg til god folkehelse og til å redusere sosiale helseskilnader. Kulturskolen er ein del av det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i kommunen og bidreg til å finne løysingar på tvers av tenesteområde.

11 Meld. St. 15 (2022–2023) Folkehelsemeldinga. Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskellar

Kulturskolar kan tilby musikkterapi og andre kunstterapiformer som ein del av helsetilbodet kommunen har til innbyggjarane sine. Musikkterapi og andre kunstterapiformer er ressursorienterte og støttar opp under aktuelle mål for helsefremjande arbeid, behandling, rehabilitering og omsorg.

Medverknad, samhandling og samskaping utviklar breidda i tilbodet ved kulturskolen og gjer at kulturskolen bidreg til at andre tenesteområde i kommunen òg når måla sine.

3.2 Organisering av tilboda i kulturskolen

Ein kulturskole for alle inneber at alle, uavhengig av bakgrunn og føresetnader, kjenner seg velkomne. For at visjonen kulturskole for alle skal få eit reelt innhald, er praksisen i kulturskolen organisert innanfor tre område, med ulike profilar og målsetjingar:

- kjerneprogram
- fordjupingsprogram
- breiddetilbod

3.2.1 Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er for elevar som er registrerte for undervisning i eitt eller fleire fag ved kulturskolen, i form av langsigkt undervisning over heile skoleår eller kortare, tidsavgrensa kurs.

Kjerneprogrammet har ingen inntakskrav, og det er ope for alle barn og unge som vil. Også andre aldersgrupper kan takast inn som elevar i kjerneprogrammet, men barn og unge har prioritet.

Undervisninga i kjerneprogrammet er tilpassa kvar enkelt elev og går føre seg gjennom varierte undervisningsformer individuelt, i grupper, i ensemble og på tvers av fag.

Undervisninga i kjerneprogrammet har definerte mål om fagleg progresjon og opplæring på alle nivå. Målsetjinga for opplæringa i kjerneprogrammet er å tilby elevane ved kulturskolen kunst- og kulturfagleg opplæring av høg kvalitet.

3.2.2 Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet byggjer på kjerneprogrammet og er for elevar som er særleg motiverte for større undervisningsmengd og meir systematisk eigeninnsats.

Fordjupingsprogrammet er tilpassa kvar enkelt elev og går føre seg gjennom varierte undervisningsformer individuelt, i grupper, i ensemble og på tvers av fag.

Den enkelte kulturskolen vurderer inntak til fordjupingsprogrammet etter innrettinga av tilboda og målet med undervisninga.

For å sikre tilgang til fordjupingstilbod trengst det systematisert samarbeid, der nokre kulturskolar i kvart fylke eller kvar region tek eit særskilt ansvar. Kommunar, fylkeskommunar, aktuelle institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå og andre relevante aktørar samarbeider for å leggje til rette for at elevar som er motiverte og kvalifiserte for det, kan delta i eit fordjupingstilbod – uavhengig av kvar dei bur, eller kven dei er.

Målsetjinga for opplæringa i fordjupingsprogrammet er fagleg fordjuping. Den faglege fordjupinga kan vere innretta mot høgare kunstfagutdanning eller gi anna fordjuping på eleven og faget sine premissar.

3.2.3 Breiddetilbod

Breiddetilboda utgjer det utoverretta tilboden ved kulturskolen, basert på samarbeid som femner breitt. Breiddetilboda ved kulturskolen blir utvikla gjennom samhandling og samskaping med andre tenester og tilbod i kommunen og kan bidra til at kommunen løyser oppgåvene sine på område som oppvekst, helse og omsorg.

Breiddetilboda blir utvikla i samhandling og samskaping med det andre tenestetilboden i kommunen. Organisering og utforming av breiddetilboda tek utgangspunkt i kommunale planar og behova og moglegheitene til lokalsamfunnet.

Undervisning i samarbeid med grunnopplæringa, SFO og barnehage, og undervisning og andre tenester som er retta mot målgrupper utanfor kulturskolen, er ein del av breiddetilboda.

Målsetjinga med breiddetilboda er å utnytte kulturskolen sin pedagogiske og kunst- og kulturfaglege kompetanse i arbeidet i kommunen sitt arbeid med å utvikle heilskaplege tilbod til innbyggjarane.

3.3 Faga i kulturskolen

Faga i kulturskolen har tradisjonelt vore dans, musikk, sirkus, skapande skriving, teater og visuell kunst.¹²

For å kunne gi attraktive tilbod og nå nye målgrupper – og slik vere ein kulturskole for alle – legg kulturskolen vekt på mangfold i undervisningstilboda sine. Kulturskolen set derfor kunst- og kulturfaga inn i stadig nye samanhengar og i nye kombinasjonar, mellom anna som del av tverrfaglege tenestetilbod i kommunen.

Gjennom samiske kulturfag tek kulturskolen eit særleg ansvar for aktivitetar og opplæring som byggjer på samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap. Desse tilboda blir retta mot den samiske befolkninga spesielt, men også mot befolkninga elles.

Den teknologiske og digitale utviklinga gir nye moglegheiter og stiller nye krav. Dette pregar òg fagkunnskapen til kulturskolen, som byggjer fagkompetanse og tilbyr undervisning og aktivitetar som svarer til behovet i samfunnet og nye moglegheiter.

Faga i kulturskolen femner om både tradisjonelle sjangrar og uttrykk og nye og samansette fag. Faga i kulturskolen hentar inspirasjon frå eit mangfold av kulturar og kunstuttrykk og dreg vekslar på eit rikt og samansett kulturfellesskap.

3.4 Kulturskolen i ein digital tidsalder

Kontinuerleg teknologiutvikling skaper nye føresetnader for samfunnet og for kulturskolen si tenesteyting. Nye teknologidrivne kunst- og kulturuttrykk veks fram, og vilkåra for læring og undervisning endrar seg. Digital teknologi blir ein stadig viktigare ressurs for verksemder og institusjonar. Kunstig intelligens og annan teknologi som kan vere relevant for kulturskolen, utviklar seg kontinuerleg og raskt.

12 Rammeplan for kulturskolen. Mangfold og fordjuping / Norsk kulturskoleråd (kulturskoleradet.no, 2016)

Kulturskolen er utforskande i møte med ny teknologi og nye, framveksande kulturuttrykk. Samtidig har kulturskolen ei kritisk tilnærming til bruk av ny teknologi, og han er medviten om opphavsrett, personvern og kjeldekritikk.

Den digitale tidsalderen gjer at samanhengen mellom fag og originalitet endrar seg. Å meistre faget er ikkje nødvendigvis ein føresetnad for eleven sin eigen originalitet – originaliteten kan vere ein veg inn i faget.

Når elevane møter kulturskolen, er det gjerne med kunnskapar og digitale ferdigheter som tidlegare ikkje har vore del av opplæringa. I ein digital tidsalder er mange elevar sjølvlærte på fleire område. Spelkultur og andre teknologi- eller mediedrivne kunst- og kulturformer er døme på dette. Kulturskolen bruker denne nye kunnskapen gjennom å ta i bruk nye pedagogiske tilnærningsmåtar og dialogbaserte undervisningsformer. Dette stiller nye krav til lærarrolla og til læraren sin kompetanse.

Teknologiutviklinga utløyser ei rekke verdispørsmål for kulturskolen. Kulturskolen legg vinn på å balansere og navigere i slike verdispørsmål og er oppteken av korleis ny og annleis verdiskaping blir kombinert med rolla han sjølv har.

Kunst- og kulturfaga bidreg til eksistensielle, estetiske og sanselege opplevingar og til å skape resonans mellom enkeltindividet og verda. Slik er kulturskolen òg ei viktig motvekt i den digitale tidsalderen. Han utviklar taktile ferdigheter, gir kunstnariske opplevingar og byggjer relasjonar mellom menneske.

3.5 Læringsstøttande arbeid i kulturskolen

I kulturskolen skal kulturskoleelevane utvikle evner til å reflektere kritisk, ta sjølvstendige val og finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk. Systematiske og konstruktive tilbakemeldingar gir støtte undervegs i læringsprosessane til eleven og styrkjer læringa, utviklinga og trivselen.

Det blir arbeidd systematisk for å utvikle ein felles, læringsstøttande vurderingskultur i kulturskolen. Denne vurderingskulturen styrkjer det læringsstøttande arbeidet til kulturskolelærarane i ulike fag og program.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkast dersom dei

- forstår kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei. Læringsstøttande arbeid i kulturskolen inkluderer å samarbeide med eleven om å setje tydelege mål som eleven forstår

- får råd om korleis dei kan utvikle seg vidare. Tilbakemeldinga til læraren blir altså først og fremst framovermeldingar, med refleksjonar over og råd om kva som skal til for at eleven skal forbetre kompetansen sin
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling. Kulturskoleeleven sin eigen medverknad i det å vurdere eiga læring må derfor stå sentralt i det læringsstøttande arbeidet

Det er godt dokumentert at samarbeid med heimen styrker læringa til elevane. Kulturskolen samarbeider tett med føresette for å bidra til læringa til kvar enkelt elev og for å sikre god kvalitet på læringsmiljøet generelt.

3.6 Kulturskolelæraren og den profesjonelle læringsfellesskapen

Kulturskolelæraren sitt møte med elevar og andre som møter kulturskolen sitt tilbod, og dei ulike brukarane sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er kjernen i heile verksemda til kulturskolen. Kulturskolelæraren har eit medvite tilhøve til rollene sine:

- pedagog, kunstutøvar og fagleg førebilete
- leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator
- inspirator og kulturberar
- samarbeidspartnar og kollega

Kulturskolen legg stadig vekt på å vere ein samhandlande aktør. Derfor må kulturskolekollegiet ha kunnskap om det andre tilbodet i kommunen og ei heilskapleg forståing av rolla i kulturskolen i tenestetilbodet i kommunen.

God utvikling av praksis krev rom for felles refleksjonar over verdival og utviklingsbehov. Kulturskolen er ein profesjonell læringsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen til kvar enkelt lærar bidreg til læringa til elevane og til å utvikle tilbodet ved kulturskolen. Alle tilsette i kulturskolen tek del i den profesjonelle læringsfellesskapen til kulturskolen for kontinuerleg å vurdere og vidareutvikle eigen praksis og praksisen i kulturskolen.

Gjennom å delta i den profesjonelle læringsfellesskapen til kulturskolen vil kulturskolelæraren

- vidareutvikle pedagogisk og kunst- og kulturfagleg kompetanse
- beskrive og grunngi eigen praksis med eit felles fagspråk

- bli medviten om kva tilhøve han/ho har til dei mange rollene sine som profesjonsutøvar
- sjå sitt eige fagområde i ein større samanheng i lokalsamfunnet og i ein samfunnskontekst
- ha som mål å utvikle kvaliteten på tilbodet ved kulturskolen gjennom å utvikle eigen og andre sin praksis
- vere oppteken av korleis praksisen i kulturskolen bidreg til læringa til elevane og til å utvikle tilbodet ved kulturskolen

3.7 Kulturskolen som samarbeidande aktør

Kulturskolen er organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet.

Kulturskolen samarbeider, samhandlar og samskaper med barnehagar, skolar, bibliotek og det lokale kulturlivet. På den måten er kulturskolen ein ressurs og ei støtte i eit heilskapleg opplæringsløp og for det frivillige kulturlivet.

Som ein del av det samla tenestetilbodet i kommunen samarbeider kulturskolen òg nært med kommunale tenester som eldreomsorg, Nav, helsetenester, barnevernsteneste, flyktningsteneste med fleire. Gjennom å samarbeide med grunnopplæring, kulturliv, frivillighet og andre tenester i kommunen og fylkeskommunen, speler kulturskolen ei aktiv rolle i heile lokalsamfunnet.

Samhandling og samskaping utviklar kvaliteten i tilbodet ved kulturskolen og gjer at kulturskolen òg bidreg til at andre tenesteområde i kommunen når måla sine. Dette opnar mogleigheter for å utfordre etablerte strukturar, kulturar og forståingar av kva kulturskole er, og kven kulturskolen er til for.

Dei tilsette i kulturskolen deltek i læringsfellesskap på kulturskolen og med andre tenester og fagområde med sikte på å vidareutvikle kulturskolen som samarbeidande aktør.

Samarbeidet med andre aktørar styrkjer oppdraget til kulturskolen med å yte kunst- og kulturfagleg opplæring av høg kvalitet. Dessutan styrkjer det kulturskolen som ein profesjonell utdanningsinstitusjon for kunst og kulturfag.

Kommunane skal sjå heilskapleg på kunst- og kulturfeltet. Dei skal forankre kulturskolen si samhandling med andre gjennom å gjere denne samhandlinga til eit tverrgåande tema i det kommunale planarbeidet.

3.7.1 Kulturskolen og grunnopplæringa

Kulturskolen er organisert i tilknytning til skolen.

Den overordna delen av læreplanverket for grunnopplæringa¹³ framhevar kor viktig kunst, kultur og kreativitet er for både samfunnsutvikling og personleg utvikling. Skapande læringsprosessar blir sette i eit større perspektiv, som ein føresetnad for danning og identitetsutvikling. Elevane skal derfor få bruke dei skapande kretene sine gjennom heile grunnopplæringa.

Den overordna delen av læreplanverket poengterer verdien av samarbeid for å stimulere til nytenking og entreprenørskap. Gjennom samarbeid kan den kunst- og kulturfaglege kompetansen til kulturskolen supplere grunnopplæringa, og grunnopplæringa kan støtte opp om oppdraget til kulturskolen.

Heilskapleg tenking frå skoleeigaren og kulturskoleleiinga, gjennom at dei legg opp til tett samarbeid mellom grunnopplæringa og kulturskolen, gir tilleggsgevinstar som kjem alle barn og unge i kommunen til gode.¹⁴ Ei slik heilskapleg tenking inneber å legge til rette for at kulturskolelærarar og anna personale i kommunen og fylkeskommunen kan delta i profesjonelle læringsfellesskapar, og at skoleeigarane ser tilsetjingar i grunnopplæringa og kulturskolen i samanheng.

3.7.2 Kulturskolen, kulturlivet og det frivillige

Kulturskolen er organisert i tilknytning til kulturlivet. Gjennom tett samhandling med både frivillig kulturliv og profesjonelle aktørar på kunst- og kulturfeltet er kulturskolen sentral i den lokale, kulturelle infrastrukturen.

Kulturskolen er djupt involvert i det kunst- og kulturfaglege tilbodet i kommunen. Han har òg ei sentral rolle i eit heilskapleg utdanningsløp fram til det profesjonelle kulturlivet.


Gjennom å byggje tilbodet rundt frivillig organiserte kulturaktivitetar er kulturskolen ein særleg viktig aktør for kulturfrivilligheita. Vidare utvikling av samarbeidet mellom kulturskolen og det frivillige styrker moglegheitene for at fleire deltek i kulturlivet.

13 Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen / Opplæringens verdigrunnlag / 1.4 Skaperglede, engasjement og utforskertrang (Læreplanverket 2020)

14 Strategien *Skaparglede, engasjement og utforskartrong* (regjeringen.no, 2019)

Kulturskolen, kulturlivet og frivilligheita samarbeider òg om relevante planprosessar i kommunar og fylkeskommunar for å sikre sambruk og utvikling av eigna lokale for kulturtildøtet.





4 KVALITET, ROLLER OG ANSVAR I KULTURSKOLEN

4.1 Kvalitet i kulturskolen

Kvalitet i kulturskolen er knytt til visjonen, samfunnsoppdraget og målet til kulturskolen. Kvalitet er ikkje eit ein tydig omgrep, og både kulturskoleeigarar, kulturskoleleiing, kulturskolelærarar og innbyggjarane i kommunen deltek i drøftingar av kva som er god kvalitet i kulturskolen.

Arbeidet med kvalitet i kulturskolen går føre seg kontinuerleg. Kulturskoleeigararar, dei tilsette i kulturskolen, elevar og andre som er i kontakt med tilbodet ved kulturskolen, vurderer regelmessig undervisningsformene og innhaldet i kulturskolen, organiseringa av kulturskolen og måten kulturskolen samhandlar med andre på. Elev- og brukarperspektivet blir ivaretakne ved at skolen involverer mellom anna elevråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing, ungdomsråd og eldreråd.¹⁵

4.1.1 Strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet

I barnehage- og opplæringssamanheng blir kvalitet gjerne beskrive ut frå underområda strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet.¹⁶

Resultatkvaliteten er det kulturskolen ønskjer å oppnå slik det er formulert i kapittel 1.2 og 2.2. Resultatkvaliteten vil vere avhengig av struktur- og prosesskvaliteten.

For kulturskolen dreier strukturkvalitet seg om korleis kulturskolen er organisert, om kva tilbod som blir gitt, om bygningar og annan infrastruktur, om kompetansen til kulturskolen, om økonomiske tilhøve og så vidare.

15 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) §5-2

16 Arbeid med kvalitet og kompetanse / Hva er kvalitet? (udir.no, 2024)

Strukturkvaliteten i kulturskolen er mellom anna kjenneteikna ved at

- dei ulike tilboda ved kulturskolen er godt tilpassa moglegeheitene og utfordringane i kommunen
- dei tilsette i kulturskolen har relevant kompetanse, og at kulturskolen har planar og system for kompetanseutvikling
- det er gode system for kvalitetsutvikling og -oppfølging
- leiingsstrukturen til kulturskolen er føremålstenleg innretta
- lokale, undervisningsfasilitetar og annan infrastruktur gjer det mogleg for alle å delta
- kulturskolen er ein integrert del av planverket til kommunen
- kulturskolen er organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet
- det er strukturar og avtalar for samarbeid med profesjonelle kunst- og kulturmiljø og aktuelle kompetanse- og utdanningsmiljø
- kulturskolen har føremålstenlege økonomiske rammer

Prosesskvalitet i kulturskolen dreier seg om praksisen i kulturskolen, om innhaldet i undervisninga og resten av tenestene kulturskolen leverer, om medverknad og innbyggjardialog, om utøvd leiing, om den pedagogiske praksisen og om profesjonelle læringsfellesskapar med meir.

Prosesskvaliteten i kulturskolen er mellom anna kjenneteikna ved at

- alle barn og unge har reell tilgang til tilboda ved kulturskolen
- alle elevar og andre som er i kontakt med tilbodet ved kulturskolen, opplever eit trygt og godt læringsmiljø
- elevane ved kulturskolen medverkar til eiga læring og i heile praksisen i kulturskolen
- elevar som er motiverte og kvalifiserte for det, har høve til å fordjupe seg i kunst- og kulturfag
- dei tilsette i kulturskolen opplever arbeidsmiljøet som godt
- det er kultur for kontinuerleg utviklingsarbeid ved kulturskolen gjennom aktiv deltaking i profesjonelle læringsfellesskapar
- ein ser tilbodet ved kulturskolen i samanheng med eit heilskapleg oppvekstløp, og at tilbodet kan danne grunnlag for vidare yrkesval innan kunst- og kultur-utøving
- kulturskolen forstår og utøver oppgåvene sine i samanheng med dei andre tenestene i kommunen

- innbyggjarane i kommunen har høve til å medverke i utviklinga av kulturskolen
- kulturskolen er inviterande og bidreg til inkluderande lokalsamfunn
- kulturskolen dreg nytte av digitale og andre teknologiske moglegheiter

4.1.2 Kompetansen til dei tilsette

Tilsette i kulturskolen har høg kunstfagleg kompetanse med minimum tre års formell kunstfagleg utdanning. Ved tilsetjing i ei undervisningsstilling bør søkeren ha pedagogisk kompetanse tilsvarende i skoleverket elles. Rektoren ved kulturskolen har minst tre års erfaring frå kulturskole, leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring. Rektoren bør òg ha dokumentert kompetanse i leiing av utviklingsarbeidet til kulturskolen.

Dersom særlege tilhøve tilseier det, kan kulturskolen tilsetje søkerar som ikkje oppfyller dei tilrådde kompetansekrava. Søkjarane bør dokumentere realkompetanse eller særleg relevant kompetanse for arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga.

4.2 Ansvaret til kommunen

Som kulturskoleeigar har kommunen det overordna ansvaret for kvaliteten i kulturskolen.

Kulturskolen er ein del av det heilsakaplege tenestetilbodet i kommunen knytt til oppvekst, utdanning, kultur og helse, og han inngår i plandokumentet til kommunen.

Kulturskolen skal vere for alle, og kommunen sikrar alle barn og unge like moglegheiter til å delta i tilboda ved kulturskolen.

Kommunen har ansvar for at kulturskolen har eigna lokale og infrastruktur som er tilpassa det tilbodet som skal givast. Sambruk av både lokale og kompetanse kan gi gode tilleggsgevinstar, og kommunen har ansvaret for å leggje til rette for dette.

Kommunen har det overordna ansvaret for at kulturskolen har kvalifiserte lærarar, og for kvalitets- og kompetanseutvikling i kulturskolen på linje med det ein har i skoleverket elles.¹⁷ Dette inneber òg å sikre kulturskolelærarane tilgang til eit relevant vidare- og etterutdanningstilbod på linje andre lærarar og tilsette i kommunen.

¹⁷ Arbeid med kvalitet og kompetanse / Tilskudd til kompetanseutvikling / Eiers ansvær for kompetanseutvikling (udir.no, 2020)

Kommunen som kulturskoleeigar legg til rette for samarbeid med universitets- og høgskolesektoren og for at kulturskolen kan ta imot praksisstudentar frå institusjonar for høgare utdanning. Det kan òg takast initiativ til samarbeid med universitets- og høgskolesektoren om forskings- og utviklingsarbeid i tilknyting til kulturskolen sine fag og praksistar.

I nokre kommunar er eit nærmare samarbeid med universitets- og høgskolesektoren som «universitetskulturskole»¹⁸ eit mål. Slikt samarbeid med universitets- og høgskolesektoren skjer gjerne saman med andre kommunar.

4.3 Ansvaret til kulturskolen

Rektoren ved kulturskolen er ansvarleg for at kulturskolen har høg kvalitet i opplæringa og i tenestene som blir tilbodne. Kulturskolerektoren legg til rette for profesjonelle læringsfellesskapar og pedagogisk utviklingsarbeid og for utviklingsarbeid i samhandling med samarbeidspartnerane til kulturskolen og ulike kompetansemiljø. Kulturskolerektoren har ansvar for at kulturskolen har eit trygt og godt læringsmiljø, og at han er open og inviterande overfor nye målgrupper. Rektoren har òg ansvar for å legge til rette for medverknad og innbyggjardialog.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein ressurs om krav og forventningar til rektorar i grunnopplæringa.¹⁹ Dei same krava og forventningane gjeld for rektoren ved kulturskolen.

Personalet ved heile kulturskolen bidreg til å oppfylle målet til kulturskolen. Kulturskolelærarane har eit særleg ansvar for å sørge for høg kvalitet i dei ulike tilboda ved kulturskolen, og for at kvar enkelt elev og alle andre som møter tilbodet ved kulturskolen, får størst mogleg utbytte.

Kulturskolelærarane har derfor planar med definerte mål for opplæringa og aktivitetane som blir tilbodne. Kulturskolelærarane har ansvaret for at elevane og andre som møter tilbodet ved kulturskolen, medverkar i alle fasar av undervisninga eller tilbodet.

Personalet ved kulturskolen held seg fagleg oppdatert og deltek i profesjonelle læringsfellesskapar i kulturskolen.

18 Universitetskulturskoleprosjektet (UniKuP) – NTNU (2022–2024)

19 Arbeid med kvalitet og kompetanse / Videreutdanning / rektorutdanning (udir.no, 2020)

4.4 Ansvaret til universitet og høgskolar

Universitet og høgskolar bidreg i kompetanseutviklinga i kulturskolen. Dette gjer dei for å sikre at utdanningsløpa dei tilbyr, er relevante for dei noverande og framtidige behova til kulturskolane.

Universitet og høgskolar sikrar relevant og tilgjengeleg etter- og vidareutdanning i takt med at kompetansebehovet til kulturskolen blir endra. For å kunne gjere dette er det viktig at universitets- og høgskolesektoren kjenner praksisen til både kulturskolen og kommunane og dei behova og moglegheitene som finst. Universitets- og høgskolesektoren deltek derfor i aktive partnarskapar og bidreg slik i utviklingsarbeidet til kulturskolane.

4.5 Utvikling, forsking og innovasjon i kulturskolen

Praksisen i kulturskolen blir utvikla kontinuerleg i takt med at samfunnet endrar seg. Endringane i samfunnet kan vere utfordrande, men kan også gi moglegheiter. Det kan medføre at kulturskolen får nye oppgåver å løyse, og at han må finne nye arbeidsmåtar, skape andre fag og fagkombinasjonar, gå inn i nye samarbeidskonstellasjonar og byggje nye strukturar.

Utviklingsarbeidet skjer i lærarkolleget ved kulturskolen og dessutan i profesjonelle læringsfellesskap med andre som kulturskolen samarbeider med. Endringar i samfunnet gir også nye perspektiv for politikkutviklinga for kulturskolen både lokalt og nasjonalt. Dette krev oppdatert kunnskap og kompetanse. Innovasjon er nødvendig for å finne nye løysingar og svar.

Berekraftig utvikling av kulturskolen skjer i eit samspel mellom

- kulturskolen sjølv (jf. kap. 4.3), der praksisen blir utvikla
- politiske avgjerdstakrar, altså kulturskoleeigarar, som har overordna mål for og gir rammar for kva verksemda skal levere (jf. kap. 4.2)
- universitets- og høgskolesektoren, som tilbyr og utviklar kompetanse (jf. kap. 4.4)

Kulturskolen utviklar praksisen sin i nær dialog og nært samarbeid med skole-eigarar og andre relevante politiske avgjerdstakrar. Slik kan dei tenestene som blir utvikla i kulturskolen, bli endå betre innretta for å nå dei overordna måla. Samtidig vil den kjennskapen politiske avgjerdstakrar har til praksisen i kulturskolen, gi betre grunnlag for å forvalte kulturskolen i heilskapleg samanheng med dei andre tenestene i kommunen.

Det at utviklinga av praksisen i kulturskolen skjer i nært samarbeid med forskings- og utdanningsmiljøa, gjer at universitets- og høgskolesektoren heile tida har innblikk i kva slags kompetanse kulturskolen treng. Gjennom samarbeidet gir universitets- og høgskolesektoren òg viktige faglege perspektiv til praksisutviklinga gjennom rettleiing og relevant kunnskapstilfang. Høgare kunstfaglege utdannings-institusjonar kan i samarbeid med kulturskolen ta initiativ til og gjennomføre forskingsprosjekt og pedagogiske eller kunstnariske utviklingsprosjekt.

Eit slikt samspel aukar kvaliteten på og relevansen av det kulturskolen leverer. Samarbeidet gir tilleggsgevinstar gjennom auka kunnskap og forståing om kulturskolen i politiske avgjerdssorgan, og det sikrar òg relevans i høgare utdanning og forsking.

Rammeplanen for kulturskolen, «Kulturskole for alle», vart vedteken på Kulturskolerådet sitt landsting 2024, 17. oktober 2024. Rammeplanen for kulturskolen er ein rettleiande plan for korleis kulturskolen kan sjå ut i den enkelte kommune, med utgangspunkt i nasjonale forventingar til kommuneutvikling generelt og til kulturskoleutvikling spesielt. Rammeplan for kulturskolen trer i kraft når kommunen har vedteke å følgje den. På nettstaden kulturskoleradet.no er det ein eigen rammeplanseksjon. Der finn du støtteressursar knytt til rammeplanen samd rammeplanen på fleire språk.


Utgjevar

Kulturskolerådet

Illustratørar

Simone Sele, Stavanger kulturskole (forside og baksida)
Jonas Krovoll Aas, Kulturskolen i Rennebu (s. 4)
Sverre Johansen, Tingvoll kulturskole (s. 13)
Ravn Valjord, Skaun kulturskole (s. 16)
Ella Lovise Mo, Selbu kulturskole (s. 26)

Korrektur og språkvask Totaltekst**Design og trykk** Fagtrykk



KULTURSKOLERÅDET

kulturskoleradet.no